



Til elevar og føresette

Hurtigtest av Covid-19

Voss gymnas vil frå 3. mai delta i eit prosjekt der elevar og tilsette vert testa for Covid-19, ved hjelp av hurtigtestar. Prosjektet tek sikte på å vare til 20. mai.

Praktisk info

Det er frivillig deltaking for elevar og tilsette og ein kan når som helst trekkje seg frå å delta undervegs. Alle som deltek skal testast ein til to gonger i veka i perioden prosjektet varer. Det vil bli gjeve opplæring av helsepersonell om korleis testinga skal gjennomførast og sjølv testinga vil foregå i klasserommet.

Resultata frå testen vil vere klare ca 15-20 minutt etter testing og det er helsepersonell som les av prøvesvara. Ved eventuell positiv elev-prøve vil medelevane til aktuell elev få utdelt munnbind og blir deretter sendt i karantene (heime). Eleven med positiv test vil måtte gjennomføre Pcr-test ved kommunal teststasjon for å stadfeste evt Covid-19infeksjon.

Bakgrunn for prosjektet:

Regjering og kommunar kan setje i verk ulike tiltak for å hindre spreiring av smitte i samband med Covid-19 pandemien. Tiltak som er sett i verk gjennom det siste året har ført til at born og unge i periodar har mista sosiale møteplassar, spesielt når skular har vorte stengt. Det er semje om at dette er vanskelig for de som er unge, og ein vil finne ut metodar som gjer at skulane kan vere åpne når det er mykje smitte i samfunnet ellers.

I Noreg er det stor interesse for å prøve ei slik tilnærming for vidaregåande skular, for å sikre at skulane meir stabilt kan vere åpne for fysisk oppmøte og undervisning, og gjennom det hjelpe til at tiltaksbyrden for ungdom vert mindre.

Det vil ikke verte ført nokon form for registrering eller journalføring av kven som er testa, men positive prøvesvar vil verte rapportert når personen har avlagt Pcr-prøve ved kommunal teststasjon.

Eventuelle spørsmål kan rettast til avdelingsleiar Marianne Sværen på Marianne.Sveren@vlfk.no